



Månadsbrev september 2021

Velkomen til eit nytt og godt skuleår! August har gått med til flytting og førebuing til undervising i nybygget, og første skuledag starta flott med alle elevane frå 1.-10. klasse samla i gymsalen. Det var ein gjeng på 46 elevar, inkludert fire (4) førsteklasse-gutar, samt foreldre og tilsette, m.a. Kari, Eva og Ingrid, samt Torunn og Anne Marie i SFO.

Me byrja skuleåret på grønt nivå med tanke på Covid-19, og me vonar me kan halda oss der. Me kan mest oppføra oss som før koronaen, bare me vaskar hendene, brukar Antibac, er heime om me er sjuke og testar oss om me trur me kan vera smitta. Gjer me det, kan me møtast kvar dag på skulen, for å læra, treffa vener, leika og spela i friminutta, heile skuleåret. Det vil me, for nå har fått opp bordtennisbord ute, opna pumptrack-banen, på godt norsk sykkelbane, og flytta inn i nye klasserom. Der er det noko gammalt, noko nytt, og noko som manglar, men me bur oss inn, og eg klar for offisiell opning når andre byggetrinn er ferdig. Det kan vera nokon er nysgjerrige før det, så me vonar det blir ein open dag etter kvart.

Som tidlegare, byrjar me tidleg å planleggja faste aktivitetar, og det vart overnattings-tur til Heigrefoss på sykkel mest før me fekk sukk for oss. Det vart ein fin tur i flott



haustsol, men relativt blåsande, som de allereie har lese om på heimesida vår. Å læra seg BlimE-dansen, "Dynamitt", er òg mange godt i gang med. Nicolay Ramm vil at me skal stola på at me er gode nok, og meiner me skal følgja magekjensla når me må bestemma oss for små og store ting. Me må vera oss sjølv, og ikkje gjera noko me ikkje synest er greitt å vera med på. Kvar enkelt er gode nok, og alle er gode til noko!

Nokre foreldremøte er gjennomførde, og de har m.a. blitt informerte om **Visma flyt skule**. Det er eit veldig greitt system når me får til det me vil, så hugs å leggja inn samtykke, t.d. om barnet ditt/dykkar kan vera med på bilete, senda meldingar/fråvær og søkja om fri og SFO! Abonner på heimesida <https://www.minskole.no/sinnes>, så får du e-post når nye artiklar er lagde ut, t.d. nytt månadsbrev.

9. og 10.-klassingane er svært nøgde med å bli **trivselsleiarar**, og får vonleg reisa på kurs om ikkje så lenge, og elevrådet har hatt sitt første møte der Ingvild Nygård Fidjeland er vald til leiar og Serine Kvalvågnes til nestleiar. Miriam Fidjeland-Skilnand og Frida Norheim møter fast i Sirdal ungdomsråd (SUR) frå Sinnes, medan Jone Kleiberg er vara. Dei har òg vore på sitt første møte. 5. klasse har vore med utprøving av oppgåver til **nasjonal prøve** i engelsk i 2022, og i løpet av september vert det nasjonal prøve for 5., 8. og 9. klasse i lesing, rekning og engelsk. 7. klasse gler seg til leirskule på Haraldvigen 20.-24. september saman med Kråkstad og Skotbu skoler og Brandval skole. Elles vert det sjølvsgt arbeid med stortingsvalet for tida, så godt val både små og store!

Sinnes 01.09.21, *Ase-Berit* (rektor)